

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 05/2024 | Klokkeslett: 08.00 - 11.00 | Dato: 04.10.2024

Møtestad: Vestlandshuset

Saksbehandlar: Juan Santacruz

Dato: 11.10.2024

| | Navn | Part |
|-----------------|----------------------------|---|
| Møtedeltakarar | Ingrid Dahl Hovland | Vegdirektør og leder i Styringsgruppa |
| | Jon Askeland | Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune |
| | Sara Sekkingstad | Ordførar, Alver kommune |
| | Yngve Magnus Tvedt Fosse | Ordførar, Askøy kommune |
| | Tom Georg Indrevik | Ordførar, Øygarden kommune |
| | Terje Søviknes | Ordførar, Bjørnafjorden kommune |
| | Christine Kahrs | Byråd, Bergen kommune |
| | Kjell Kvingedal | Miljødirektør, Statsforvaltaren |
| | Solveig Paule | Avdelingsdirektør, Jernbanedirektoratet |
| Andre | Aina Haugstad | Sekretariatsleiar, Miljøløftet |
| | Nils Magne Slinde | Statens vegvesen |
| | Kristian Hella Bauge | Statens vegvesen |
| | Arve Helle | Leder SAMO Vestlandfylkeskommune |
| | Tor Corneliusen | Bergen kommune |
| | Torill Klinker | Vestland fylkeskommune |
| | Målfrid Vik Sønstabø | Vestland fylkeskommune |
| | Anne Iren Fagerbakke | Vestland fylkeskommune |
| | Rune Haugsdal | Vestland fylkeskommune |
| | Dina Lefdal | Vestland fylkeskommune |
| | Astrid Håvik | Jernbanedirektoratet |
| | Malin Bismo Lerudsmoen | Statens vegvesen |
| | Ørjan Raknes Forthun | Askøy kommune |
| | Jarle Landås | Alver kommune |
| | Sigmund Kristoffer Solberg | Vestland fylkeskommune |
| | May Britt Hernes | Bergen kommune |
| | Synnøve Vilsvik | Sekretariatet |
| Erlend Otterå | Sekretariatet | |
| Juan Santacruz | Sekretariatet | |
| Anders Kjetland | Sekretariatet | |

Saksliste byvekstvtalen

- Sak 46/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 47/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 10.06.2024
- Sak 48/24 Nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv
- Sak 49/24 Bruk av Post 66-midlar (regjeringas bompenggeavtale) – Tilskot til betre kollektivtilbod
- Sak 50/24 Bruk av Post 66-tilskot (belønningsmidlar) til drift av kollektiv
- Sak 51/24 Innfartsparkering Alver
- Sak 52/24 Vidareutvikling av styringsgrupper – Årshjul
- Sak 53/24 Byutgreiing i Miljøløftet
- Sak 54/24 Bompengetrykket i Bergensområdet
- Sak 55/24 Handlingsprogram 2025-2028 – Oversikt over lokale vedtak
- Sak 56/24 Status for bybanen byggetrinn 5
- Sak 57/24 Eventuelt: Byvekstvtalen

Saksliste byvekstvtalen

Sak 46/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste er godkjend.

Sak 47/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 21.02.2024

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 48/24 Nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv

Kristian Hella Baugé frå Statens vegvesen presenterte byindeksen med tal fram til og med august 2024.

- Den samla byindeksen (3-årig glidande snitt) ligg 0,4 % under null. Trenden er likevel sterkt stigande, og dette kan forklarast med at pandemien framleis er ein del av datagrunnlaget i det 3-årige glidande snittet. Det er likevel venta at når effektane av pandemien glir ut av statistikken, vil vi kome over null. Dette kan skje allereie i løpet av 2024, og representerer ei utfordring for måloppnåing i framtida

Solveig Paule frå Jernbanedirektoratet presenterte reisetala for jernbanen.

- Dobbeltspor Bergen – Arna: Passasjerutviklinga er stigande, og det er venta at trenden held fram resten av 2024.
- Oslo - Bergen og Bergen – Voss – Myrdal: Generelt positiv passasjerutvikling for desse strekningane.
- Det er presentert fleire satsingsområde på Bergensbanen i framtida, som mellom anna rassikring ved Myrdal stasjon.
- Kundetilfredsheita er stabil. Personal ombord, punktlegheit, informasjon om bord og reinhald skårar veldig bra. Dei mest fornøgde kundane er på strekinga Bergen – Arna

Målfrid Vik Sønstabø frå Skyss presenterte reisetala for Skyss i Bergensområdet.

- Påstigande i Bergensområdet viser ein positiv vekst. Per september 2024 er det registrert 5 % vekst samanlikna med tilsvarande periode i fjor. Bybanen og buss viser størst vekst, medan båt til Alver og Askøy viser nokre raude tal etter ferien. Det er venta at veksten held fram i 2024 for både bybanen og buss.
- Sjølv om det er vekst i buss og bane i Bergen, viser tala at bomplasseringar ligg stabile.
- Kundetilfredsheita om bord viser ein liten nedgang for buss og båt samanlikna med 2023, medan bane ligg stabilt.
- Reisetala for Øygarden ligg litt lågare enn tilsvarande periode i fjor.
- Ei utfordring framover i Øygarden er at bussane brukar lengre tid på rutene enn før. I tillegg har uforutsigbar framkome, forårsaka av varierende kø-mønstre, negative konsekvensar for kollektivtrafikken.

Kommentar frå Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune:

- Ei av årsakene til at reisetala på buss flatar ut litt i Øygarden, er at kommunen gjer mykje for å få innbyggjarane til å jobbe heimanfrå. Effekten av dette tiltaket kan sjåast i ÅDT-tala. Det er også nemnt at det opplevast mindre kø enn tidlegare.
- Kommentar frå vegdirektør Ingrid Dahl Hovland
- Det er viktig å forstå samanhengen mellom ÅDT på brua og reisetal på kollektiv (buss). Tala indikerer at reisetala må bli mykje høgare for å løyse utfordringa knytt til vekst i næring og bustadbygging i kommunen.
- Med tanke på at fleire tek kollektiv inn til Bergen, er det viktig å vurdere om det er ønskjeleg å ha alle bussane heilt inn til sentrum. Denne utfordringa gjeld alle korridorane inn til byen

Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering

Sak 49/24 Bruk av Post 66-midlar (regjeringas bompenggeavtale) – Tilskot til betre kollektivtilbod

Anne Iren Fagerbakke frå Vestland fylkeskommune presenterte forslaget om korleis dei 126 millionane som Bergensområdet vart tildelt for 2024 over post 66, tilskot til betre kollektivtilbod, skal nyttast i 2024.

Kommentar frå Terje Søviknes, Bjørnafjorden kommune:

- Ingen merknader til bruken i 2024, men signaliserer at det vil vere naturleg med ein open diskusjon om kva desse midlane skal gå til for 2025 og dei kommande åra, anten det gjeld bybanen eller forsterking av anna kollektivtilbod i byvekstområdet.

Kommentar frå Christine Kahrs, Bergen kommune:

- Uttrykker forventning om at kommunen blir inkludert i framtidige avgjerdsprosessar for desse midlane.

Kommentar frå Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune:

- Ser tendens til at desse midlane byrjar å gå til driftstiltak i Bergen kommune og fylkeskommunen, noko dei ikkje var tiltenkt i utgangspunktet.
- Støttar innspelet frå Terje Søviknes i forhold til sak om desse midlane for 2025 og kommande år.

Kommentar frå Nils Magne Slinde, Statens vegvesen

- Angående delen av forslaget som gjeld bruk av 10 millionar på straksinnløysing for sykkelveg, presiserer Statens vegvesen at dette er ei investering som eigentleg skal dekkast av Post 30, statlege investeringstiltak. Statens vegvesen aksepterer forslaget denne gongen, men for 2025 og kommande år, og i tråd med tidlegare kommentarar om saka, vil Statens vegvesen vere litt strengare i forhold til bruk av Post 66-midlar til statlege investeringstiltak.

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2024 (126 mill.) vert nytta som vist i vedlegg 3. Det blir lagt fram ny sak om bruk av tilskotet for 2025, tidleg i 2025.

Sak 50/24 Bruk av Post 66-tilskot (belønningmidlar) til drift av kollektiv

Anne Iren Fagerbakke frå Vestland fylkeskommune presenterte saka. Innleiingsvis vart totale utgifter (rekneskapstal og budsjett) og finansiering av kollektivtilbodet for

avtaleområdet for perioden 2018–2024 presentert, saman med utgifter på dei tre transportmidla og korleis dei blir finansierte. Kostnadsauken etter pandemien vart beskriven i samanheng med avviklinga av koronatilskotet og veksten i kollektivtransporten. –Det vart påpeikt at netto utgifter i heile fylket til kollektiv er om lag 3,5 milliardar. Fylket finansierer kollektivtilbodet med om lag 1 milliard kr av egne midlar.. Vidare vart tabellen om belønningmidlar – drift av kollektiv presentert. Det vart kronologisk gjort greie for på tildelingar frå Miljøløftet, kostnadsutvikling, styrking av eksisterande tiltak, igangsetting av nye tiltak og rørsler i fond mellom 2019 og 2029. For resten av avtaleperioden vil det årleg bli utarbeidd prosjektark i samband med den ordinære handlingsprogramprosessen.

Kommentar frå Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune:

- Nyttig presentasjon, spesielt første tabell som viser at fylkeskommunen har bidratt kraftig. Opptatt av at andelen som går til dette området ikkje går ned i forhold til kva fylket brukar på ferje og buss elles.
- Når det gjeld belønningmidlar, vil Øygarden halde fram med samkøyringsprosjektet, men aksepterer at det først må gjerast ei evaluering for å bekrefte at prosjektet faktisk har ein effekt.

Kommentar frå Rune Haugsdal, Vestland fylkeskommune:

- Fylkesdirektøren understrekar at hovudutfordringa for fylket per i dag er å oppretthalde den ønska produksjonen med tanke på både kostnadsauken og den tilgjengelege finansieringa som er synleggjort.

Kommentar frå Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen

- Viktig oversikt som viser at midlane går til ei auka satsing på kollektiv. Positivt at dette blir følgt vidare med prosjektark, og at fondsoppbygging i åra framover blir redusert.

Kommentar frå Christine Kahrs, Bergen kommune:

- Bergen kommune står bak fylkets framlegg i år, men varslar at dei i framtidige budsjett ønskjer endå større fokus på tiltaka si måloppnåing i forhold til nullvekstmålet.

Vedtak: Styringsgruppa tek tidlegare bruk av belønningmidlar til drift av kollektiv til orientering, og sluttar seg til framtidig prinsipp for bruk av belønningmidlar til drift av kollektiv, som vist i saka. Styringsgruppa ber om at det for resten av avtaleperioden årleg vert utarbeidd prosjektark, i samband med den ordinære handlingsprogramprosessen, med forslag til bruk av post 66 til drift av kollektiv.

Sak 51/24 Innfartsparkering Alver

Sara Sekkingstad frå Alver kommune presenterte saka og viste til sakspapira og vedlegg for detaljar.

Den konkrete saka handlar om konsekvensane av fylkesvedtaket om innføring av restriksjonar ved innfartsparkering på Knarvik kai. Vedtaket gjer at det beste alternativet for mange reisande frå Alver kommune er personbilen framfor båten, noko som ikkje bidreg til nullvekstmålet. Det prinsipielle rundt saka er også belyst, og det er at slike endringar bør drøftast i partnerskapet i forkant av innføringa, noko som ikkje vart gjort i dette tilfellet.

Kommentar frå Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune:

- Fylkeskommunen beklagar at dei ikkje tok opp denne saka i Miljøløftet, og er einig i at Miljøløftet er ein god samarbeidsarena for å drøfte desse sakene. Eit viktig prinsipp for fylkeskommunen er at innfartsparkering skal vere øyremerkt for kollektivpassasjerar. Det blir jobba med løysingar for å premiere dei faste brukarane og innføre ei form for betaling for brukarar som ikkje har periodekort

Vedtak: Styringsgruppa ber om at det vert vurdert korleis ein kan innrette betaling eller andre løysingar for innfartsparkering i omeignskommunane, slik at fleire nyttar kollektiv til Bergen. Styringsgruppa ber også om at eventuelle endringar knytt til innfartsparkering vert drøfta mellom partane det vedkjem før innføring.

Styringsgruppa ber om status på arbeidet innan 1. kvartal 2025

Sak 52/24 Vidareutvikling av styringsgrupper – Årshjul

Juan Santacruz frå Sekretariatet presenterte forslaget til årshjul for Miljøløftet.

I forslaget er det lagt opp til seks faste møter i Miljøløftet si styringsgruppe, med moglegheit for eit sjuande mot slutten av året, viss behov. Den løpande porteføljestyringa, prosessen for handlingsprogram og andre aktuelle saker fordeler seg på desse 6-7 møta gjennom året.

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til forslag til årshjul for Miljøløftet

Sak 53/24 Byutgreiing i Miljøløftet

Malin Bismo Lerudsmoen frå Statens vegvesen presenterte saka. Status er at prosjektplanen er levert til departementet, og at det blir jobba med eit mandat for kvart byområde. Det er tenkt å leggje fram eit mandatforslag for Miljøløftet i styringsgruppemøtet i november. I tillegg blir det jobba med retningslinjer som sannsynlegvis også blir lagt fram i styringsgruppemøtet i november. Følgjande aspekt av byutgreiing er presentert:

- Bakgrunn: Byutgreiingar som fagleg grunnlag for reforhandling.
- NTP 2025-2036 legg til rette for reforhandling. NTP seier også at ressursbruken i større grad må rettast mot å utnytte eksisterande infrastruktur, og at ein må sjå på mindre øyremerking av tilskota som ligg i byvekstavtalane.
- Detaljar om oppdraget frå departementet til Statens vegvesen.
- Tidslinje og prosess for byutgreiingar 2025.
- Organisering av arbeidet med byutgreiingar 2025 i utgreiingsfasen. Kristian Hella Bauge, SVV, er prosjektleiar for Bergens-området. Prosjektleiaren rapporterer oppover i linja i SVV og i styringsgruppa for Miljøløftet.
- Forslag til framdriftsplan med milepælar.
- Innhald i utgreiingane.
- Involvering og ressursbruk. Utgreiingane skal i utgangspunktet for Statens vegvesen utførast i eigen regi. Det er venta at andre statlege og lokale partar bidreg med eigne ressursar for å sikre rett input.
- Arealdataverktøy (ADV): Det er planlagt to fysiske samlingar for å gå gjennom nødvendig kunnskap for å kunne arbeide med ADV-verktøyet. Det er i tillegg engasjert ein konsulent som skal bistå med det praktiske rundt korleis ein skal sikre

god input på ADV. Det er viktig at dei som jobbar ute i kommunane på plansida sørger for at riktig kunnskap blir ført inn i verktøyet.

- Det er presisert at vi har ei felles interesse i å lage eit så godt grunnlag som mogleg for å kunne sitje ved forhandlingsbordet og avgjere korleis midlane skal brukast framover for å nå nullvekstmålet.

Kristian Hella Bauge, SVV og prosjektleiar for byutgreiing i Bergensområdet, beskrev nokre detaljar i framdriftsplanen for Bergensområdet.

- Innkalling til felles oppstartmøte for ADV-arbeidet 14. oktober er sendt til deltakarar frå Prioriteringsrådet (Bergen) og Administrativ koordineringsgruppe (Nord-Jæren).
- Fristen for innspel på kven frå kommunane som kan delta på dette møtet er sett til tidleg i veke 41.
- Informasjonssamlingane for kommunedeltakarar om ADV-verktøyet er planlagde til 17.–18. oktober.
- Prosjektleiaren drøftar ved neste møte i Prioriteringsrådet meir konkrete planar om korleis byutgreiingsarbeidet skal leggast opp framover.
- Det blir presisert at ADV-arbeidet startar sjølv om mandatet ikkje er vedteke enno.

Spørsmål frå Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune:

- Ordføraren spør om byutgreiinga vil ta for seg kva samfunnsmessige utviklingseffektar som ulike tiltak vil medføre, særleg korleis det totale bompengertrykket vil påverke næringsutvikling i området.

Kommentar frå Kristian Hella Bauge, SVV:

- Det blir presisert at ADV-verktøyet får fram korleis arealet blir brukt i fleire forskjellige baner, og at kommunen sjølv kan blant anna bestemme rekkefølge på utbygginga og storleiken på arealet som blir brukt.

Kommentar frå Terje Søviknes, Bjørnafjorden kommune:

- Ordføraren vil formidle den administrative uroa i Bjørnafjorden kommune knytt til det lokale ressursbehovet som arbeidet med ADV medfører. Han ber om ei beskriving av arbeidets omfang.

Kristian Hella Bauge, SVV, svarer på spørsmål frå Terje Søviknes:

- Det er fleire kommunar som har uttrykt bekymring knytt til ressursbehovet i forhold til arbeid med ADV. Det er engasjert ein konsulent som skal gjere den praktiske jobben i verktøyet for Miljøløftet. Kommunane må levere planane til konsulenten og svare på eventuelle spørsmål og prioriteringar. Det er ikkje mogleg å seie noko om timetalet for arbeidet i kommunane.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 54/24 Bompengertrykket i Bergensområdet

Aina Haugstad, sekretariatsleiar, presenterte saka og viste til vedlegg for detaljar.

Sekretariatsleiaren trakk fram følgjande punkt i rapporten:

- Bakgrunn til rapporten: Fylkestinget har bede fylkeskommunen om ei analyse av det samla bompengertrykket og trafikkutviklinga i byvekstregionen, der ein også inkluderer dei nye bompengepakane i området.

- Rapporten er ikkje direkte knytt til Miljøløftet, men er likevel tett opp mot ønskjer og bestillingar som kom frå styringsgruppa i tidlegare år om ein rapport om samla bompengetrykk.
- Det er viktig å trekkje fram at Bypakke Bergen har eit anna formål enn dei andre bompakkane i regionen. I Bypakke Bergen skal bompengane ha ein trafikkavvisande effekt.

Kommentar frå Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune:

- Det er viktig å forstå at det er ein samanheng mellom bompengepakkane i regionen. Sjølv om desse pakkane er prinsipielt uavhengige, så er det slik at endringar i den eine bypakken, spesielt Bypakke Bergen, kan påverke inntektene i dei andre bypakkane.
- Ordføraren saknar ein samanhengande diskusjon som ikkje berre omfattar bompengediskusjonen og den trafikkavvisande effekten, men som også inkluderer effektane av dette i samfunnsutviklinga. Dette er spesielt relevant for næringa i Askøy og Øygarden som må køyre gjennom Bergen, og som kan få redusert konkurransekrafta si som ein konsekvens av dette.
- Ordføraren føreslår å endre forslaget til vedtak til: «Styringsgruppa tek saka til orientering og ber om at innverknadene av det totale bompengetrykket i Bergensregionen for samfunnsutviklinga blir belyst nærare i den kommande byutgreiinga, ref. sak 53/24»

Kommentar frå Ingrid Dahl Hovland, vegdirektør og leiar i styringsgruppa:

- Vegdirektøren bekreftar at dette vil inngå som ein del av byutgreiingsarbeidet, og at innspelet frå Tom Georg Indrevik blir tatt med i referatet.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering og ber om at innverknadene av det totale bompengetrykket i Bergensregionen for samfunnsutviklinga blir belyst nærare i den kommande byutgreiinga, ref. sak 53/24

Sak 55/24 Handlingsprogram 2025–2028 – Oversikt over lokale vedtak

Aina Haugstad, sekretariatsleiar, orienterte om at handlingsprogrammet er vedteke i alle dei lokale politiske styra, og at Samferdselsdepartementet er orientert om det. Det er venta at det om kort tid vil kome ei invitasjon til møte i politisk styringsgruppe. Det blir vist til vedlegg for detaljar.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Dei lokale partane er sjølv ansvarleg for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane av handlingsprogram.

Sak 56/24 Status for bybanen byggetrinn 5

Jon Askeland frå Vestland fylkeskommune og Christine Kahrs frå Bergen kommune presenterte saka:

Vedtak frå separate møta 2. oktober i Bystyret i Bergen, og fylkestinget i Vestland om kompromissløyding for bybanen byggetrinn 5 er ikkje heilt identiske. Begge vedtak er likevel likelydande og tydelege på det essensielle, som er å møte vilkåra som staten har sett i NTP (bli einige om trasé). Partane kan no gå vidare med regulering, prosjektering og planlegging av byggetrinn 5 i samsvar med Prop. 11 S.

Kommentar frå Ingrid Dahl Hovland, vegdirektør og leiar i styringsgruppa:

- Vegdirektøren understrekar at vi no har kome eit skritt lenger med denne saka, og at reguleringsplan og finansieringsplan må behandlast seinare, saman med tidsplanen som er viktig for ei realistisk gjennomføring.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 57/24 Eventuelt byvekstavtalen

Innspel til statsbudsjett og realistisk budsjettering

Statens vegvesen varslar om at dei vil leggje fram ei sak ved neste styringsgruppemøte for å skape større forståing rundt korleis det blir jobba med innspel frå Miljøløftet til statsbudsjettet. Bakgrunnen for dette er at T2-rapporteringa for det statlege tilskotet samla for alle byane, men også for Bergen, viser framleis store mindreforbruk. Det har blitt ei utfordring med urealistiske prognosar som bind midlar som kunne ha blitt føreslått brukt på andre tiltak i statsbudsjettet. I november/desember blir det første innspelet til statsbudsjettet 2026 levert. Det formelle innspelet for Miljøløftet blir levert i mars 2025, men det første innspelet er basert på år 2 i handlingsprogram. Det opplevast varierende kvalitet i innspela frå Miljøløftet, og det er behov for å sjå på nokre forbetringar. Statens forplikningar står fast og midlane kjem, men behovet må vere der, og det er i felles interesse å ha ei realistisk budsjettering.

Kommentar frå Jon Askeland, Vestland fylkeskommune:

- I den grad styringsgruppa for Miljøløftet kan legge inn innspel til statsbudsjettet, nemner han eit sterkt ønske om sterkare statleg medfinansiering på drift av kollektiv.

Kommentar frå Ingrid Dahl Hovland, vegdirektør og leiar i styringsgruppa:

- Angående innspelet frå fylkesordføraren er dette ei sak som kan takast opp seinare på eit meir aktuelt tidspunkt, og det er også aktuelt for byutgreiinga.

Avslutning for sekretariatsleiar:

Sekretariatsleiar Aina Haugstad hadde siste arbeidsdag og siste møte i Miljøløftets styringsgruppe. Vegdirektøren takka sekretariatsleiareren for god innsats og godt samarbeid.